

KOMMISJONSVEDTAK

2008/EØS/38/24

av 14. mars 2005

om endring av vedtak 2005/59/EF med omsyn til dei områda der planane for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin og naudvaksinasjon av slike svin i Slovakia skal gjennomførast(*)*[meldt under nummeret K(2005) 601]***(Berre den slovakiske teksta er gyldig)**

(2005/226/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
felleskapet,med tilvising til rådsdirektiv 2001/89/EF av 23. oktober 2001
om fellesskapstiltak for bekjempelse av klassisk svinepest⁽¹⁾,
særleg andre leddet i artikkel 16 nr. 1 og artikkel 20 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonen har vedteke vedtak 2005/59/EF av 26.
januar 2005 om godkjenning av planane for utrydding av
klassisk svinepest hjå viltlevande svin og naudvaksinasjon
av slike svin i Slovakia⁽²⁾ som eitt av ei rekkje tiltak for
motkjemping av klassisk svinepest.
- 2) Slovakia har gjeve Kommisjonen opplysningar om
den nyaste utviklinga av sjukdommen hjå viltlevande
svin. I følge desse opplysningane er klassisk svinepest
hjå viltlevande svin utrydda i territoria som kjem inn
under veterinær- og næringsmiddeladministrasjonen i
Levice, Nitra, Topoľčany, Nové Mesto nad Váhom og
distriktet Púchov og at den godkjende utryddingsplanen
ikkje lenger er naudsynt i desse områda. I lys av dei
epidemiologiske opplysningane bør vaksinasjonsplanen
utvidast til å omfatte vaksinasjon av viltlevande svin mot

klassisk svinepest i distrikta Ilava, Žiar nad Hronom,
Žarnovica og Banská Štiavnica.

- 3) Vedtak 2005/59/EF bør difor endrast.
- 4) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar
med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda
og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*Vedlegget til vedtak 2005/59/EF vert bytt ut med teksta i
vedlegget til dette vedtaket.*Artikkel 2*

Dette vedtaket er retta til Republikken Slovakia.

Utferda i Brussel, 14. mars 2005.

For Kommisjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 71 av 17.3.2005, s. 72,
er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 139/2005 av 2. desember
2005 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære
forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 10 av
23.2.2006, s. 7.

⁽¹⁾ TEF L 316 av 1.12.2001, s. 5. Direktivet endra ved tilmeldingsakta av
2003.

⁽²⁾ TEU L 24 av 27.1.2005, s. 46.

VEDLEGG«*VEDLEGG*»**1. Område der utryddingsplanen skal gjennomføres**

Territoriet som kjem inn under veterinær- og næringsmiddeladministrasjonen i Trnava (medrekna distrikta Piešťany, Hlohovec og Trnava), Trenčín (medrekna distrikta Trenčín og Bánovce nad Bebravou), Prievidza (medrekna distrikta Prievidza og Partizánske), Púchov (medrekna berre distriktet Ilava), Žiar nad Hronom (medrekna distrikta Žiar nad Hronom, Žarnovica og Banská Štiavnica), Zvolen (medrekna distrikta Zvolen, Krupina og Detva), Banská Bystrica (medrekna distrikta Banská Bystrica og Brezno), Lučenec (medrekna distrikta Lučenec og Poltár) og Veľký Krtíš.

2. Område der naudvaksinasjonsplanen skal gjennomføres

Territoriet til Trenčín, Bánovce nad Bebravou, Prievidza, Partizánske, Zvolen, Krupina, Detva, Veľký Krtíš, Lučenec, Poltár, Ilava, Žiar nad Hronom, Žarnovica og Banská Štiavnica.»
